
Fra: Anne Eide <fmhoacf@fylkesmannen.no> på vegne av Fylkesmannen i Hordaland <fmho@cim-products.no>
Sendt: torsdag 28. juni 2018 09:41
Til: Postmottak Meland
Emne: Oppgradering av DSB-CIM i dag kl. 12.00-12.15
Vedlegg: DSB-CIM_18.02_Produktoppdateringer.pdf

Til postmottak i kommunane i Hordaland

Vi har fått ein del feriefriaværs meldingar etter utsending av e-post til beredskapskontaktane i kommunane i Hordaland i dag, og ber difor om at de informerer vidare til aktuell person i kommunen.

Fylkesmannen i Hordaland v/beredskapsseksjonen

Til beredskapskontaktane i kommunane i Hordaland

DSB-CIM vil bli oppgradert til versjon 18.02 i tidsrommet 12.00-12.15 i dag 28. juni 2018, og vil ta om lag ti minutt. Det vil kome varsel om at oppgraderinga pågår for brukarar som loggar seg inn eller er innlogga medan oppgraderinga pågår.

Vedlagt ligg eit dokument som viser nyhende i versjon 18.02, vi anbefalar alle å sjå gjennom dette. Ei god del av endringane som blir omtalt gjeld funksjonalitet som må aktiverast av OneVoice, og for tilleggsmodular for dei av dykk som har slike avtalar med OneVoice. Mellom nyhenda er høve til å legge til kopimottakarar og blindkopi ved sending av melding/e-post, og til å sende melding til heile organisasjonar i ressursmodulen (utan behov for å lage distribusjonsliste).

Ta kontakt dersom de har spørsmål (fmhoacf@fylkesmannen.no).

Venleg helsing

Fylkesmannen i Hordaland v/beredskapsseksjonen